



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Orientering om landskapsplan kring Vinjesenteret

Vedlegg

- 1 Landskapsplan kring Vinjesenteret
- 2 Notat - Landskapsplan kring Vinjesenteret, 21.02.24
- 3 Kostnads kalkyle, 2024
- 4 Landskapsplan kring Vinjesenteret - inndeling kostnads kalkyle
- 5 Saksprotokoll Plan for friluftsområdet kring Vinjar - orienteringssak

Dokument i saka

Bakgrunn

Sweco Norge AS har på vegne av Vinje kommune utarbeida ein landskapsplan for friluftsområdet på Vinjar for å sjå på potensialet for utvikling av uteområdet til rekreasjon, friluftsliv og uteopphald.

Føremålet med denne planen er å skape ein plan for heile uteområdet, der dei ulike uteareala blir knytte saman. Området skal bli eit samlingspunkt for bygda og for tilreisande. Det skal vere ein attraktiv stad for fest, leik og rekreasjon. Det skal og vere ein plass for læring og formidling knytt til eksisterande kulturminne på staden, natur og andre tema Vinjesenteret vil formidle.

Historikk

Dette er eit arbeid som starta opp i 2021 etter ynskje frå det lokale laget Liv i Vinje, Vinjesenteret og kommunen. Utkast til planen vart presenterte på folkemøte på Vinjar i slutten av 2021, der innbyggjarane kunne kome med innspel til korleis dei ynskje at området skulle utviklast. Innspela frå dette vart teke med vidare, og revidert landskapsplan vart ferdig i februar 2024

Landskapsplanen har vore orientert i Ungdomsrådet 08.04.24 sak 8/24, Eldrerådet 04.06.24 sak 9/24 og Rådet for personar med funksjonsnedsettingar 10.04.24 sak 5/24. Dei ulike utvala har hatt høve til å kome med innspel og tankar til planen, sjå vedlegg 5.

Landskapsplanen har vore orientert i leiargruppe 11.03.24. Planen har også vore presentert til brukargruppene i eige møte 19.04.25. Brukargruppene og grunneigarane har fått tilsendt planen etter møte for vidare oppfølging. Teknisk drift og infrastruktur har i 2025 gjennomført nokre tiltak som mellom anna hogst. Dette er løyst innanfor eininga si ramma iht. budsjettvedtak.

I økonomibudsjettet for 2025-28 ligg det fylgjande løyvingar:

Landskapsplan Vinjesenteret					
Investeringsprosjekter	2025	2026	2027	2028	2025-28
Landskapsplan Vinjesenteret	0	1 250	0	0	1 250
Ekstern beskriving: Oppgradering av utomhusområdet ved Vinjesenteret.					

Vedtaket i kommunestyret 17.12.24, sak 167/24 knytt til landskapsplanen kring Vinjar var fylgjande:

24. Flytte posten på 1 250 000 i investeringsbudsjettet som omhandlar landskapsplan ved Vinjesenteret til 2026. Låneopptak vert redusert tilsvarande. Plan og miljøutvalet får ei sak i 2025 der dei får til handsaming kva som skal gjerast der, og kostnadene med det. Ein ber også teknisk avdeling rydde så kyrkjekontoret får utsikt, kostnad vert dekt av eiga ramme.


Landskapsplanen kring Vinjesenteret blir no teke opp som orienteringssak. Den gjeng til formannskapet og vidare til kommunestyret, på grunn av dei økonomiske tilhøve med planen. Administrasjonen kan også ta opp landskapsplanen som ein orienteringssak til plan- og miljøutvalet dersom det er behov for det.

Vurdering

Landskapsplanen har lagt opp til turløyper, badeplass, open arena for ulike tilstellingar, naturpark tilrettelagt med forskjellige aktivitetar som kan utfordre store og små. Dei ulike elementa er synt i figur 1 og 2, samt vedlegg 1. Det føreligg også eit notat for å forklare grepa i landskapsplanen, sjå vedlegg 2.



Figur 1. Utsnitt av landskapsplanen kring Vinjesenteret.




Figur 2. Utsnitt av delar av landskapsplanen som viser naturparken med ulike aktiviteter og den opne arenaen til ulike tilstøtninger.

Kostnadskalkyle

Vedlagt ligg og ein grov kostnadskalkyle for dei ulike elementa i planen, vedlegg 3. Totalt syner kostnadsestimatet 8,56 mill for heile området. Det er svært mange tiltak i planen og det er ikkje sikkert det er gjennomførbart eller ynskje om å realisere alle tiltaka. Det er viktig å prioritere tiltaka, og sikre gjennomføring av ulike delar av planen ut frå behovet til dei ulike brukargruppene av området.

Kostnadskalkylen er også delt inn i område, sjå figur 3 og vedlegg 4.



Figur 3. Kostnadskalkyle dela inn i område.

Arbeidsgruppe

Kommunen har ikkje bunde seg økonomisk til etablering av tiltaka i planen i prosessen, men har utarbeida planen på vegne av initiativtakarane i bygda. Kostnadsoverslaget er tenk å kunne nyttast til søknadsprosessar for ekstern stønad, der ein kan prioritere ut frå kva ein ynskjer å setje i gang med. Merk at kostnadsestimatet er grovt berekna, og det vil vere naudsynt å kvalitetssikre kostnadane i ein prosjekteringsfase. I dette arbeidet med prioritering av tiltak og gjennomføring av planen, har det kome ynskje om å setje ned ein arbeidsgruppe på tvers av brukargruppene og grunneigarane. Det er viktig at alle tiltak gjerast etter løyve frå grunneigarane.

Før gjennomføring av tiltak må det gjerast ein vurdering om tiltaka er i tråd med reguleringsplanen eller om det er behov for planendring eller dispensasjon frå planen.

Kommunedirektør rår til at det setjast ned ein arbeidsgruppe med representant frå Liv i Vinje, Vinjesenteret, Kyrkjekontoret, Uliveti Norge AS, grunneigar og representant frå TDI (teknisk

drift og infrastruktur) og KNF (kultur, næring og fritid), PØB (plan, økonomi og berekraft) for å arbeide med planen vidare i tråd med vedtaket i kommunestyret 17.12.24, sak 167/24.

Kommunedirektøren kjem attende med ei sak som skildrar prioriteringa og kostnadane for gjennomføring av tiltak i planen etter innspel frå arbeidsgruppa.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Landskapsplanen kring Vinjesenteret blir teken til orientering. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representant frå Liv i Vinje, Vinjesenteret, Kyrkjekontoret, Uliveti, grunneigar og representant frå TDI og KNF, og PØB for å sjå på prioritering av tiltak og vidare arbeid med gjennomføring av landskapsplanen.